



Arkivsak 200800365-3
Arkivnr. 500.T00
Saksh. Gjesdal, Hanna

Saksgang	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	29.01.2008
Fylkesutvalet	13-14.02.2008

HØYRING - FORSLAG TIL REVIDERT FORSKRIFT OM GODKJENNING ETTER LOV OM FAGSKULEUTDANNING

SAMANDRAG

Kunnskapsdepartementet la i november 2007 fram forslag til revidert forskrift om godkjenning etter lov om fagskuleutdanning (fagskulelova). Forslaget omfattar nokre endringar i strukturen på godkjenningsforskrifta. Det er endringar som følgje av at fagskulelova m.a. opnar for godkjenning av tilbydar og stiller krav om tilfredsstillande interne system for kvalitetssikring hjå tilbydarar av fagskuleutdanning. Det vert også foreslått endringar med omsyn til revisjon av godkjenningar.

Fylkesrådmannen er særleg positiv til at fagskulelova og forskrifta opnar for godkjenning av tilbydar som kan få fullmakt til å opprette og leggje ned fagskuleutdanningar innan avgrensa fagområde (godkjent tilbydar).

Fylkesrådmannen kan i hovudsak slutte seg til Kunnskapsdepartementet sitt forslag til revidert forskrift om godkjenning etter lov om fagskuleutdanning, men tilrår nærare presiseringar av nokre §§.

Høyringsfristen er sett til 25. januar 2008. Dei politiske utvala i Hordaland har ikkje hatt møte etter at høyringsforslaget vart sendt ut. Fylkesrådmannen har difor bedt Kunnskapsdepartementet om ei utsetjing av høyringsfristen til 15. februar 2008.

FORSLAG TIL INNSTILLING

Opplærings- og helseutvalet har merknadar til følgjande punkt:

- 1 [§5 Godkjenning av enkelttilbod etter lov om fagskuleutdanning, nr 7](#)
Inntil 2 års karantene frå ein tilbydar får ein søknad om godkjenning avslått til han på nytt kan søkja om godkjenning i same utdanning oppfattast som unødvendig lenge. Forskrifta bør seie noko om ulike høve som kan føre til ulik karantelenengde.
- 2 [§ 6 Godkjenning av tilbydar, nr. 2f](#)
Fagskular eigd av fylkeskommunar bør ha høve til å fråvike kravet om dokumentert medlemskap i

- garanti- eller forsikringsordning som sikrar studentar erstatning dersom tilbydar frivillig eller pålagt brått stansar ei utdanning. Det bør opnast for at fylkeskommunen kan vere sjølvassurandør.
- 3 [§§ 8-9 Revidering av godkjenning av enkelttilbod/godkjent tilbydar, nr. 3 \(begge §§\)](#)
Det bør presiserast i kva høve NOKUT kan gjennomføre heile eller deler av ei revidering utan å nytte sakkunnig komité. Vurdering av faglege tilhøve i enkelttilbod eller hjå godkjent tilbydar bør gjerast av ein sakkunnig komité.

Paul M. Nilsen

Svein-Erik Fjeld

Vedlegg: 1
Høyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet

Utrykt vedlegg:
Høyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet
http://www.regjeringen.no/upload/KD/Hoeringsdok/2007/200704130/Hoeringsbrev_med_adresseliste.pdf

Framlegg til revidert forskrift om godkjenning etter lov om fagskuleutdanning
http://www.regjeringen.no/Upload/KD/Hoeringsdok/2007/200704130/Utkast_forskrift_godkjenning_fagskoleloven.pdf

Fagskulelova
<dato>LOV-2003-06-20-56</dato> [Fagskoleloven - fgskol. Lov om fagskuleutdanning \(fagskoleloven\)¹](#)

FYLKESRÅDMANNEN, 09.01.2008:

Innleiing

Lov om fagskuleutdanning (fagskulelova), vart i 2007 endra med verknad frå 1.august 2007. Som ein følge av endringane, sende Kunnskapsdepartementet i november 2007 forslag til revidert forskrift om godkjenning etter lov om fagskuleutdanning ut på høring.

Forslaget til ny forskrift vidarefører i hovudsak prinsippa frå gjeldande forskrift. Forslaget omfattar nokre endringar som følgjer av at fagskulelova m.a. opnar for godkjenning av tilbydar av fagskuleutdanning (godkjent tilbydar) og stiller krav om at alle tilbydarar av fagskuleutdanning (tilbydar av godkjent fagskuleutdanning og godkjent tilbydar), skal ha tilfredsstillande interne system for kvalitetssikring. Det vert også foreslått enkelte endringar med omsyn til revisjon av godkjente fagskuleutdanningar og godkjende tilbydarar.

Den nye fagskulelova var m.a. klargjerande med omsyn til fagskuleutdanninga sin plass i utdanningssystemet. Fagskuleutdanningane byggjer på vidaregåande opplæring og er del av tertiærutdanninga saman med høgskule og universitet. Utdanningane skil seg likevel frå høgskule og universitet ved at utdanningane skal vere korte (6-24 månader), yrkesretta, og utan krav om å vere forskningsbasert. Gjennom fagskulelova og forslag til revidert forskrift har departementet lagt opp til ei harmonisering av lover og forskrifter knytt til høgskule/universitet og fagskule.

Sentrale punkt i forslag til revidert forskrift.

Lova og forskrifta set ein del minimumskrav for godkjenning av fagskuleutdanning. I forskrifta er det delegert til NOKUT (Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga) å utfylle desse, basert på kva som er forsvarleg for å sikre kvalitet, fleksibilitet og rettane til studentane. Fylkesrådmannen kan i hovudsak tilrå forskrifta slik den er lagt fram, og er særleg positiv til at ein opnar for godkjenning av tilbydar som kan få fullmakt til å opprette og leggje ned fagskuleutdanningar innan avgrensa fagområde (godkjent tilbydar). I nokre punkt tilrår fylkesrådmannen at det vert gjort presiseringar i forskrifta.

§ 5 i forskrifta gjer m.a. NOKUT høve til å bestemme at tilbydar som har fått ein søknad om godkjenning avslått først kan fremje ny søknad om godkjenning av same utdanning etter to år. Dette er same tidsramme som ved avslag på søknad om godkjenning som tilbydar, noko som er ein langt meir omfattande søknad. Fylkesrådmannen er av den meining at 2 år er for lang søknadskarantene for skular som søkjar godkjenning av enkeltfag. Skal ramma for mogleg søknadskarantene oppretthaldast bør forskrifta seie noko om kva høve som kan føre til ein så lang karantene.

§§ 8-9 i forskrifta opnar også for at NOKUT kan gjennomføre heile eller delar av ei revidering av godkjent fagskuleutdanning og godkjent tilbydar, utan å nytte sakkunnig komité. Vurdering av faglege tilhøve ved godkjende fagskuleutdanningar eller godkjent tilbydar bør gjerast av ein sakkunnig komité. Forskrifta bør presisere i kva høve NOKUT kan gjennomføre heile eller delar av ei revidering av godkjent fagskuleutdanning og godkjent tilbydar, utan å nytte sakkunnig komité.

§ 6, pkt. nr. 2f, set krav om at ved godkjenning av tilbydarar må tilbydar dokumentere medlemskap i garanti- eller forsikringsordning som sikrar studentane erstatning dersom tilbydar frivillig eller pålagt brått stansar ei utdanning, der det er studentar som ikkje har fullført utdanninga etter oppsett plan. Dette er eit punkt som nok er mynta på private tilbydarar der studentane betaler forholdsvis mykje for utdanninga. Skulle ei fagskuleutdanning med studentar bli lagt ned er det naturleg for fylkeskommunane å freiste å skaffe plass for studentane hjå ein anna tilbydar av utdanninga og/eller refundere evt. studieavgift. Det vil då vere urimeleg å krevja at alle tilbydarar, også dei fylkeskommunale, må dokumentere garanti- eller forsikringsordning for å kunne få godkjenning som tilbydar. Ein føresetnad må vere at fylkeskommunen i slike høve kan vere sjølvassurandør. Dette er blitt gjort innan for andre felt i Hordaland fylkeskommune si verksemd.

Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår Kunnskapsdepartementet sitt forslag til revidert forskrift om godkjenning etter lov om fagskuleutdanning med nærare presiseringar i §§ 5, 8 og 9, og endring i § 6, pkt. nr. 2f, vedr. krav til garanti- og forsikringsordningar hjå godkjent tilbydar, slik at fylkeskommunar får høve til å vere sjølvassurandør.